



**VOSS KOMMUNE**  
**Kommunalavdeling tekniske tenester**

Voss Gymnas  
Gymnasvegen 12

5700 VOSSEVANGEN

Hordaland Fylkeskommune

13 MAR 2014

J.nr.: 108  
Dato: 6.3.14  
Aktiv: OSS  
Saksh.:  
Kopit: *Fauskanger  
Røge  
✓ HPL - vgsdem*

Vår ref  
14/268-2 3316/14

Etat/ avd.  
TE

Saksbeh  
KJF

Ark.  
PLAN  
soneinndeling

Dykkar ref.

Dato  
25.02.2014

## **Varsel om oppstart av offentleg detaljreguleringsplan – Aktivitetsområde- festivalplass Prestegardslandet, P-ID 2014004**

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8, vert det varsla igangsetting av detaljreguleringsplan for aktivitetsområde – festivalplass Prestegardslandet, gnr 48, bnr 138 og 140, og gnr 255, bnr 1.

I områdereguleringsplan for strandareal langs Vangsvatnet, planid 2010010, er området avsett til friområde/festivalområde, nærmiljøanlegg og idrettsføremål. Planarbeidet er i tråd med overordna plan.

### Forslagsstillar

Voss kommune er forslagsstillar og skal utarbeide planen. Ei prosjektgruppe har tatt initiativ til eit arbeid med utforming og finansiering av ein aktivitetspark. Voss kommune ynskjer å legge opp til ein tett dialog med prosjektgruppa. Skisser dei har fått utarbeidd så langt, ligg som vedlegg til oppstartsvarselet.

### Planområdet


Planområdet omfattar Prestegardslandet frå Utescena til inngangen mot Prestegardsmoen. Området ca 30 daa stort.

### Føremål

Føremål med planarbeidet er å legge til rette for nye aktivitetstilbod, eit robust festivalområde med tilhøyrande infrastruktur, og ei forlenging av mur på Prestegardslandet med utfylling i bakkant.

### Medverknad – referansegruppe

Planområdet omfattar eit attraktivt offentleg område, med mange brukargrupper og interessenter. På bakgrunn av dette ynskjer vi



*Planavgrensing–svart stipla linje*

å etablere ei referansegruppe som vil følge planarbeidet med jamnlege møter undervegs. Vi ynskjer ei breitt samansett referansegruppe, og ber om at interesserte tek kontakt med Voss kommune v/planavdelinga.

#### Informasjon og merknader

Innspel i form av synspunkt, opplysningar eller forslag m.v. som kan ha betydning for planarbeidet bør koma fram så tidleg som mogeleg. Alle skriftelege innspel til planarbeidet vil verta gjennomgått og vurdert som grunnlag for planforslaget, når det vert sendt vidare til sakshandsaming og vedtak. Frist for innspel er sett til 8. april.




For nærmere informasjon eller innspel til planarbeidet ta kontakt med

Skriftleg: Voss kommune, Tekniske tenester v/planavdelinga, postboks 145, 5701 Voss  
Pr. e-post: [postmottak@voss.kommune.no](mailto:postmottak@voss.kommune.no)  
Pr. telefon: 56 51 94 00 til servicetorget som kan svara eller visa til saksbehandlar  
Dokument i plansaka er lagt ut i Servicetorget i Tinghuset og på Voss kommune sine heimesider. Gå inn på Planar/ Planar under arbeid.

Med helsing


*Kjersti Næss Finne*  
Kjersti Næss Finne  
arealplanleggjar

Vedlegg: Skisseprosjekt utarbeidd av prosjektgruppa for Voss Aktivitetspark



## Voss Aktivitetspark

- \* Skal innehalde aktivitetar innanfor mellom anna sportane skating, klatring, ski (vannhopp) og BMX.
- \* Skapa ein aktivitetspark for lokalbefolkinga på Voss
- \* Bidra til nyskapning
- \* Auke rekrutteringa til klubbane
- \* Ha Vestlandets beste aktivitetstilbod på Voss



Skisseprosjekt utarbeidd på vegne av Prosjektgruppa for Voss Aktivitetspark